

MØTEBOK KONTROLLUTVALET I VIK

Kontrollutvalet i Vik kommune

Møtebok

Møtedato: 10.05.2023

Møtetid: Kl. 14.00 - 15.45

Møtestad: Møterom Vikjao, Kommunehuset

Saksnr.: 05/23 - 08/23

Følgjande medlem møtte	Parti
Ronny Holen	SP
Marta Finden Halset	AP
Bjarne Larsen	AP
Björg Hønsi Aafedt	SP
Ragnvald Grov Sørđal	H

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti	Følgjande varamedlem møtte	Parti

Andre møtedeltakarar	Rolle	
Geir Svendsen	Rådmann	
Nils Geir Myrkaskog	Rådgjevar økonomi	

Ugilde	Sak	Følgjande varamedlem møtte

Møteleiar:	Ronny Holen
Frå sekretariatet møtte:	Kristine Lie, PwC
Frå revisjonen møtte:	Haldor Sunde (revisor, sak 7), Stig Årdal (forvaltningsrevisor, sak 8)
Dokument utlevert i møtet:	
Synfaring:	
Merknader:	

Underskrifter:

MØTEBOK KONTROLLUTVALET I VIK

SAKLISTE

5/2023	Godkjenning av møtebok
6/2023	Drøftingssaker, skriv og meldingar
7/2023	Årsrekneskap og årsmelding for Vik kommune 2022
8/2023	Prosjektplan forvaltningsrevisjon "Rekruttering, kompetanse og ressursar"

Sak 5/2023 Godkjenning av møtebok

Sakshandsamar	Møtedato	Saknr
Krtistine Lie	10.05.2023	5/2023

KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Møteboka frå møtet 15.02.2023 vert godkjent.

10.05.23 KONTROLLUTVALET

Sak 05/2023 Vedtak

Møteboka frå møtet 15.02.2023 vert godkjent.

Samrøystes.

MØTEBOK KONTROLLUTVALET I VIK

Sak 6/2023 Drøftingssaker, skriv og meldingar

Sakshandsamar Kristine Lie	Møtedato 10.05.2023	Saknr 6/2023
--------------------------------------	-------------------------------	------------------------

KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Orienteringar, skriv og meldingar vert tekne til vitande.

VEDLEGG

Vedlegg nr.	Dok. Dato	Avsendar	Tittel
1	23.03.2023	Kommunestyret	KS-sak 019/23: Forvaltningsrevisjon - internkontroll og avvikshandtering
2	23.03.2023	Kommunestyret	KS-sak 020/23: Kontrollutvalet - årsmelding 2022
3	23.03.2023	Kommunestyret	KS-sak 021/23: Trekking rammetilskot 2023 - ekstraordinære inntekter konesjonskraft
4	23.03.2023	Kommunestyret	KS-sak 026/23: Konstituering av rådmann - Vik kommune
5	03.04.2023	Vik Senterparti	Brev til kontrollutvalet frå Vik Senterparti

10.05.2023 KONTROLLUTVALET

Orienteringar:

Rådmann Geir Svendsen gav kontrollutvalet ei orientert om korleis Vik kommune arbeider med å følgje opp forvaltningsrevisjonsrapportar knytt til anbods- og innkjøpsrutiner. Etter kontrollutvalet og kommunestyret si handsaming av forvaltningsrevisjonsrapporten er det sett i verk fleire tiltak for å betre Vik kommune sine rutinar knytt til anbod og innkjøp. Mellom anna er arbeidet med å utarbeide ein innkjøpsstrategi godt i gang, og strategien skal etter planen handsamast på kommunestyret sitt møte i juni.

Vidare orienterte rådmannen om korleis Vik kommune arbeider med å følgje opp forvaltningsrevisjonsrapport knytt til internkontroll og avvikshandtering. Dette er eit område kommunen må arbeide mykje med framover, og som har behov for eit stort fokus for at Vik kommune skal ha system og rutinar som er egna til å sikre god internkontroll og avvikshandtering i kommunen. Vik kommune har allereie starta med å sette dette på

MØTEBOK KONTROLLUTVALET I VIK

dagsorden, og i dei kvartalsvise leiarmøtene i tida framover vil arbeidet med å sikre internkontroll og avvikshandtering vere eit av hovudfokusområda. Eit av tiltaka kommunen vidare arbeider med, er å få på plass ein dokumentplan, og å sikre tilstrekkelig god opplæring i system og rutinar for alle tilsette.

Drøftingssaker:

Kontrollutvalet drøfta motteke brev frå Vik Senterparti knytt til følgjande punkt:

“1. Innbyggjarar på Vangsnes, og representantar for friviljuge lag og organisasjonar, har over tid reagert på at eit stort areal på Vangsnes skule (Grendahuset) er gjort utilgjengeleg (er avlåst) for allmenn bruk. Det har framkome informasjon om at administrasjonen har tilrettelagt og gjort arealet eksklusivt for ei lita gruppe vaksne brukarar. Senterpartiet ber om at kontrollutvalet får avklara kva som har skjedd i denne saka.

2. I samband med konkursen til firmaet Augestad Maskin AS, har kommunestyret vorte informert om at Vik kommune har utbetalt eit stort beløp som har gått tapt i buet. Utbetalinga skal vera basert på ein falsk faktura. Ordførar og rådmann har opplyst at dei avventar å melda hendinga til politiet. Uavhengig av evt. politimelding, ber Senterpartiet om at kontrollutvalet går inn i saka og klargjer kva som har svikta. Normal prosedyre med mottakskontroll, attesting og tilvising før faktisk utbetaling burde ha avverga hendinga.”

Kontrollutvalet drøfta nærare punkt 1 og punkt 2 i brevet frå Vik Senterparti. Vedrørande punkt 1, finn Kontrollutvalet ikkje at det er grunnlag for ei vidare handsaming og granskning av denne saka.

Vedrørande punkt 2, ynskjer Kontrollutvalet å få nærare kartlagt kva som har skjedd i denne saka, herunder ei nærare belysning av dei faktiske forhold kring utbetaling av beløpet til Augestad Maskin AS, samt ei nærare kartlegging av kommunen sine prosedyrar for mottakskontroll, attesting og tilvisning i samband med utbetaling av faktura. Kontrollutvalet ber på dette grunnlag rådmannen om å førebu ei orientering knytt til punkta over til møte 2, og oversende skriftleg saksunderlag som inkluderer all relevant informasjon om saka i forkant til sekretariatet, slik at saksunderlaget kan leggjast ved innkalling til kontrollutvalet sitt møte 2 den 14. juni 2023.

Sak 06/2023 Vedtak

Kontrollutvalet tek drøftingssaker, skriv og meldingar til vitande.

Kontrollutvalet ber rådmannen om å førebu ei orientering til kontrollutvalet sitt møte 2 som belyser dei faktiske forhold kring utbetaling av faktura til Augestad Maskin AS, samt ei orientering om kommunen sine prosedyrar for mottakskontroll, attesting og tilvisning i samband med utbetaling av faktura. Kontrollutvalet ber rådmannen oversende skriftleg

MØTEBOK KONTROLLUTVALET I VIK

saksunderlag som inkluderer all relevant informasjon om saka i forkant til sekretariatet, slik at saksunderlaget kan leggjast ved innkalling til Kontrollutvalet sitt møte den 14. juni 2023.

Samrøystes.

Sak 7/2023 Årsrekneskap og årsmelding Vik kommune 2022

Sakshandsamar	Møtedato	Saknr
Kristine Lie	10.05.2023	7/2023

KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Kontrollutvalet vedtek fråsegn til årsrekneskapen for 2022 for Vik kommune slik den ligg føre. Fråsegna vert sendt til kommunestyret, med kopi til formannskapet.

VEDLEGG:

Nr.	Dok. Dato	Avsendar	Tittel
1	10.05.23	Kontrollutvalet	Kontrollutvalet si fråsegn til årsrekneskap og årsmelding 2022 - UTKAST
2	28.04.23	Vik kommune	Årsrapport 2022 for Vik kommune
3	24.04.23	Vik kommune	Årsrekneskap 2022 for Vik kommune
3	17.04.23	Vestland Revisjon KO	E-post frå Vestland Revisjon
4	17.04.23	Vestland Revisjon KO	Revisjonsmelding

10.05.2023 KONTROLLUTVALET

Rådmannen og økonomisjef orienterte om årsrekneskap og årsmelding. Kontrollutvalet fekk høve til å stille spørsmål og drøfta saka.

Revisor orienterte om revisjonen og kontrollutvalet fekk høve til å stille spørsmål.

Sak 07/2023

Kontrollutvalet vedtek fråsegn til årsrekneskapen for 2022 for Vik kommune slik den ligg føre. Fråsegna vert sendt til kommunestyret, med kopi til formannskapet.

Samrøystes.

MØTEBOK KONTROLLUTVALET I VIK

Sak 8/2023 Prosjektplan for forvaltningsrevisjon Rekruttering, kompetanse og ressursar

Sakshandsamar	Møtedato	Saknr
Kristine Lie	10.05.2023	8/2023

VEDLEGG:

Nr.	Dok. Dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	28.04.2023	Forvaltningsrevisor	Utkast til prosjektplan for forvaltningsrevisjon

KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Saka vert lagt fram utan tilråding men for drøfting i kontrollutvalet.

10.05.2023 KONTROLLUTVALET

Kontrollutvalet fekk prosjektplan presentert av Vestland Revisjon v/ Stig Årdal, og kontrollutvalet fekk høve til å stille spørsmål.

Kontrollutvalet drøfta prosjektplanen som vart presentert, og nærare presiseringar av problemstillingar og tema.

Sak 8/2023 VEDTAK:

Prosjektplanen vert vedteken slik den ligg føre.

Kontrollutvalet ber Vestland Revisjon om ein statusrapport i møte 4.

Samrøystes.
